

**Graveløyve i Korsneset**

12.12.2010

**I samband med vasslekkasjen søkte vassverket kommunen om graveløyve i Korsneset Nord og kommunen har gjeve slik løyve. Det gjeld graving i og langs kommunal veg.  
Føresetnaden er at kommunen sine retningsliner for framføring av kablar, leidningar og graving i og langs offentleg veg blir fylgde.**

Løyvet frå kommunen er mellombels. Vassverket har plikt til å endre eller eventuelt fjerne det dersom kommunen finn det naudsynt.

Ei slik endring

må vassverket rekne med å koste sjølv.

Godkjent arbeidsvarslingsplan må utarbeidast før arbeid vert starta opp.

Den skal utarbeidast av søkjar eller entreprenør og kommunen skal ha planen til godkjenning.

Ansvarleg entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrkkjeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen der det skal gravast.

Oppgraven masse skal fyllast tilbake i grøfta og komprimerast.

Eventuelt øydelagt asfaltdekke skal utbetrast av godkjent asfaltentreprenør.

Tjukkleiken og kvaliteten på dekket skal minst vera det same som tidlegare dekke.